



Tom Gangstø
Eknes 48
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2671 - 19/28249

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.09.2019

Skjema for endring av opplysningar i matrikkelen - gbnr 238/85 Eknes indre

Vi viser til din førespurnad i dag om endring av status i matrikkelen for bustad på gbnr 238/85 og tidlegare dialog i saka.

Bustaden på eigedomen er registrert i matrikkelen som «våningshus benyttet som fritidsbolig». For å få endra status på bygget til heilårsbustad må du fylla ut og returnera vedlagte skjema til kommunen. Du bør gjera greie for byggeår og kortid bygget sist var i bruk som heilårsbustad.

Vi ser av kommunen sitt arkiv at det vart gitt utsleppsløyve for eigedomen i 1974 med krav om reinsing i slamavskiljar, med storleik 4 m³, før utsleppet vart ført til infiltrasjon i grunnen. Kopi av utsleppsløyvet følger vedlagt. Vi legg til grunn at eigedomen har godkjend utsleppsløyve. Du må opplysa om kva vassforsyning eigedomen har.

Du kan returnera skjema til kommune, enten på e-post til postmottak@lindas.kommune.no, eller per post til Lindås kommune, Dokumentsenteret, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Saka vil verta handsama av geodata-avdelinga. Dersom du har spørsmål kan du ta kontakt ved avd.leiar Tommy Veland.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:



Vedlegg:

Avløp gbnr 238-85

Krav om endring av bygningstype

Kopi til:

Geodataavdelinga

Teknisk drift

Mottakarar:

Tom Gangstøe

Eknes 48

5993

OSTEREIDET